


Dublett 2
92.9 P HED/73

Illustrationer

«Teatret Vårt»

våren 2001

Kjære publikum



Carl Morten Amundsen
teatersjef

Teatret Vårt har sidan starten bygd på at teaterkunst er noko universelt, at folk i distrikta som det heiter, også forstår seg på Shakespeare, Ibsen, Beckett og Büchner. At kunstnarleg verksemd på høgt nivå kan finne stad utanfor Oslo. At folk i distrikta har dei same grunnleggjande livsvilkåra. At dei har like stor trong til å få liva sine tolka og sett som folk i Bergen, Trondheim, Paris eller Berlin. Teatret Vårt står for dette framleis. Mykje er endra sidan Teatret Vårt opna hausten 1972 i Ørsta med *"Tvillingene"* av Shakespeare, men ikkje dette. Vi trur på skodepelarkunsten og på ordet, og vi er overtydde om at vi kan utøve kunsten her. Vi trur altså ikkje at vi berre skal drive med heimstaddikting om jordbruk, fiske og fråflytting. Vi trur på at vi med kvalitetsframsyningar kan forklare kvifor eit teater som vårt har livets rett.

Teatret Vårt har eit breidt og rikholdig teatertilbod denne våren. Vi trur mangfald er av det gode, og vi satsar hardt på hovudproduksjonen vår, *"Hedda Gabler"*. Ein av dei mest markante sceneinstruktørane i landet set i scene, og Svein Sturla Hungnes har med seg eit ung og svoltent ensemble. Dei ønskjer å lage ei direkte og hardtslåande utgåve av det 111 år gamle skodespelet. Premieren blir under Ålesund Teaterfestival, og framsyninga skal turnere heile fylket og gjeste på Trøndelag Teater. Vi kjem til å spille både dag- og kveldsframsyningar slik at også skule-elevar skal få sjansen til å se eit av verdsdramatikken mest spennande kvinneportrett. Ein krig mellom kjønna, ein krig mellom drifter og kontroll, mellom bohémiliv og borgerligheit, mellom seksualitet og disiplin.

Men før vi kjem så langt skal vi presentere *"Sluttspelet"* av Samuel Beckett i eit spennande samarbeid med DukkeSpilleriet på Vestnes, vi skal feire Garborg-året, ta i mot gjestespel med mellom anna Gard Eidsvold og arrangere kafeteater. Vi tek sikte på å vere vertar for eitt gjestespel frå samarbeidsteatret vårt, Trøndelag Teater. Her er vi ikkje klare med datoane riktig ennå, men vi legg opp til framsyningar med *"Berre kjærleik og død"* etter påske. Vi kjem vidare til å halde *"Oleanna"* på plakaten, og 23. mars blir det urpremiere på *"Vakkert"* av Jon Fosse på Scene 2 på Det Norske Teatret. Dette er ein samproduksjon mellom Det Norske og Teatret Vårt, og sjølv om vi ikkje får sjå framsyninga her i fylket før i september, har vi altså to premierar nesten samstundes. Ein i Ålesund og ein i Oslo.

Dette er berre noko av all den aktiviteten vi ser for oss framover våren. Vi synes vi held høgt tempo. Vi synes vi har noko å vise fram. Velkomen til ein ny teatervår!

Carl Morten Amundsen
teatersjef

SLUTTSPEL

Teatret Vårt presenterer saman med DukkeSpilleriet ein unik versjon av denne klassiske Beckett-teksten frå 1958. I denne framsyninga blir dei fire karakterane framstilte av ein skodespelar og tre dokker. Randolph Walderhaug spelar rolla som tjenaren Clov. Herren hans, Hamm, er ei menneskestor dokke ført av Jorunn Myhre, og Hamm sine foreldre er to handdokker i hendene på Walderhaug.

Er Clov aleine i verda? Er han fanga i eit anna Sluttspel som aldri tek slutt? Er Hamm kanskje eit minne om ein person som faktisk har vore sjefen hans? Eller er han oppdikta? Men anten det er sånn eller slik, stykket handlar om dei store spørsmåla i livet, meininga og døden. Om temaet er dystert, så er Beckett humorist. *"For ingenting er meir morosamt enn det ulykkelege"*, som det heiter i stykket.



SLUTTSPEL

Ein samproduksjon
med DukkeSpilleriet

Av: **Samuel Beckett**

Omsatt av : **Bjørn Endreson**

Idé og regi: **Randolf Walderhaug**

Med: **Randolf Walderhaug** og
Jorunn Myhre

FRAMSYNINGAR:

Molde, Teaterhuset Forum:

17. januar kl. 19.30

18. januar kl. 19.30

19. januar kl. 19.30

9. februar kl. 19.30

10. februar kl. 19.30

Ålesund, Jugendteateret:

18. mars kl. 18.00

Turné i Møre og Romsdal

BILLETTPRISAR

Vaksne 175,-

Grupper 150,-

Skole/honnør 125,-

HEDDA GABLER

Av: **Henrik Ibsen**

Regi og bearbeiding:

Svein Sturla Hungnes

Scenografi og kostymer:

Birgitte Lie

Lys:

Finn Landsperg

Med: **Ane Dahl Torp, Anders**

Mordal, Erik Ulfsby, Tiril Pharo,

Randolf Walderhaug, Vivi Sunde

og **Bergliot Rørvik**

FRAMSYNINGAR:

Ålesund, Parken kulturhus:

15. mars kl. 19.30 Premiere

16. mars kl. 19.30

18. mars kl. 18.00

Molde, Teaterhuset Forum:

Frå 21. mars til 20. april, sjå

www.teatretvart.no for speleplan,

eller ring 71 24 02 90

Ørsta, samfunnshuset

22.-23. april

Fosnavåg, Herøy kulturhus:

24.-25. april

Stranda, Storfjord kulturhus:

26.-27. april

Åndalsnes, Raumahallen:

2. mai

Sunnalsøra, Sunndal kulturhus:

3.-4. mai

Kristiansund, Festiviteten:

6.-7. mai

Surnadal:

8.-9. mai

Trondheim, Trøndelag Teater:

10.-15. mai

BILLETTPRISAR

Vaksne 175,-

Grupper 150,-

Skole/honnør 125,-

- Hedda Gabler!
- Ja jeg het det før i tiden. Den gangen – vi to kjente hverandre.
- Og heretter – og for hele livet, – må jeg altså venne meg av med å si Hedda Gabler?

Henrik Ibsen

HEDDA GABLER

Ane Dahl Torp står framfor si største utfordring som skodespelar når ho nå skal gi liv til ei av dei aller største kvinnerollene i verdsdramatikken. For Hedda Gabler er kanskje den mest fascinerande kvinna Henrik Ibsen har skapt. Ho er djupt nevrotisk og sjølvdestruktiv, og samstundes eit leikande - eit spelande menneske. Hedda Gabler er skodespelar i eige liv. Ho gøymer seg bak sitt eiga andlet, ho gøymer den kvinna ho er, inne i kroppen sin, fordi ho vil vere fri. Fri kan ho vere når ho spelar, så lenge ho framleis kan overraske dei andre. Ho foraktar



det borgarlege livet, men vil ha det likevel. Ho treng luksusen, pengane, reisene, posisjonen, selskapa, men likevel hatar ho det alt saman.


Nygift er ho med Jørgen Tesman. Kvifor akkurat han? Er det meir mellom dei to enn eit spel? Kva er det for draum ho drøymmer om Eilert Løvborg? Hadde han vore betre for henne? Eller berre gjort vondt verre? Vil ho ha Eilert berre for å knuse rivalinna si, Thea? For Hedda fører krig, - verda og tilveret er ein krig for henne. Den må vere det, når alt som tel i livet er posisjonering, taktikk, strategiar for å oppnå eit eller anna som ein trur ein attrår. Men i krigen er det alltid taparar, i denne krigen i den Tesmanske heimen likeså.

haugtussa

"Haugtussa" er eit hovudverk i norsk lyrikk. Boka kom ut i 1895, og mellom anna Edvard Grieg blei særst begeistra for det han las. Haugtussa-songane som Grieg skreiv, høyrer til den nasjonale musikkskatten vår. Ja, møtet mellom Garborg og Grieg var eit lykkekast i norsk kunstliv. Det er mange som kjenner songane, men ikkje like mange er kjent med forteljinga som songane er ein del av.

Skodespelaren Ola B. Johannessen har arbeidd i fleire år med framføring av den dramatiske teksten. Han vil syne det pasjonsdramaet som historia om gjeterjenta Veslemøy også er. Saman med ulike songarar og musikarar har han fortalt historia om jenta dei kalla "Haugtussa", ho som virka så tussete der ho sprang etter buskapen mellom haugane på Høgjæren. Han vil fortelje om hennar møte med naturen, med kjærleiken og hennar draging mot det underjordiske, mot haugfolket.

Ola B. Johannessen er tilbake på Teatret Vårt med turné i Møre og Romsdal i januar og februar i høve Garborg-året.



HAUGTUSSA

Tekst: Arne Garborg

Musikk: Edvard Grieg

Med: **Ola B. Johannessen,**
Anne Lise Berntsen/Lone Eines
og **Asgeir Hoffart**

Festframsyning i Aasen-tunet

24. januar kl. 20.00

Stordal (Grendasalen):

25. januar kl. 20.00

Ulstein samfunnshus:

26. januar kl. 19.00

Molde, Teaterhuset Forum:

27. januar kl. 19.30

2. februar kl. 19.30

3. februar kl. 14.00

Gjemnes, Høgtun folkehøgskole:

29. januar kl. 20.00

Sunnalsøra, Sunndal kulturhus:

30. januar kl. 19.30

Stranda, Storfjord kulturhus:

31. januar kl. 19.30

Ålesund, Parken kulturhus:

1. februar kl. 19.30

sitt ned tragiker

"sitt ned tragiker" handlar om En Som Het. Han lever livet sitt sitjande på eit toalett; den einaste staden der han kan få vere i fred og slappe av litt. Der er han aleine med det trofaste orkesteret sitt.

"Det høres kanskje litt ensomt og trist ut, men det er egentlig ganske fint. Jeg har okkupert denne doen. Det kan plutselig banke på, og jeg kan rope opp-tatt! Jeg er en opptatt mann!"

Tragikaren er ein mann som speglar noko i oss alle. Ein stuntpoet som finn tryggleik i rekkjene av eigne assosiasjonar. Der tek han pulsen på eit kaos som er fylt av paradoks og einsemd.

"I følge buddhistisk tro finnes 84 000 forskjellige følelser. Går det an å føle alle disse samtidig? Hvordan måler vi følelser? Hvor mange liter gråt finnes det? Hvor mange kilo sinne?"

SITT NED TRAGIKER

Idé/regi: **Gard Bjørnstjerne Eidsvold** og **Nina E. Wester**
Med: **Gard Bjørnstjerne Eidsvold**
Musikkarar: **Frode Berntzen, Maja Bugge** og **Fredrik Øie Jensen**

FRAMSYNINGAR
Molde, Teaterhuset Forum:
22. februar kl. 19.30
23. februar kl. 19.30
24. februar kl. 19.30

BILLETPRISAR
Vaksne 175,-
Grupper 150,-
Skole/honnør 125,-

KAFETEATER

Teatret Vårt held sjølsagt fram med tradisjonen med å arrangere Kafeteater på laurdag formiddag. Først ut er ein samtale om Samuel Becketts forfattarskap i høve framsyninga av "Sluttspel". Alle skodespelarane på teatret er utfordra til å presentere seg med eigne program anten aleine eller saman med andre. Følg med i lokalpressa når det gjeld programmet for dei einskilte laurdagsteatra.


På seinvåren vil Teatret Vårt også ha samabeid med Romsdalsmuseet. Eventyr og sagalesing vil finne stad i og ved dei gamle husa på museet.

OLEANNA

John, en middelaldrende mann med kone og barn, underviser ved universitetet. Han elsker å undervise, og er i det øyeblikket vi møter ham i ferd med å bli tilbudt en attraktiv og fast stilling ved universitetet. Som en følge av sin ventede forfremmelse er han og hans kone i ferd med å kjøpe et hus han lenge har drømt om. Carol, en ung student midt i 20-årene, kommer fra et miljø der akademisk utdanning var en sjeldenhet. Hun har tross sin bakgrunn blitt opptatt på universitetet og sliter i øyeblikket med et mellomfag.

Handlingen i *"Oleanna"* starter i det Carol oppsøker John på hans kontor. Hun forstår ikke noe av undervisningen, hun føler seg dum og forstår ikke "språket". Hun har lest Johns bok, som er en sentral del av pensum, uten at det har gjort det noe lettere for henne. John, midt oppe i komplikasjoner med huskjøpet, tilbyr henne individuell undervisning. Hvis hun lover å komme på kontoret hans så og så ofte, garanterer han henne en slutt karakter på sterke 2,0.

"Oleanna", skrevet og første gang oppført i 1992 er et nittitallets mest kontroversielle skuespill. Den intense dialogen blir en kamp de to i mellom om bedømmelseskomiteens, og dermed også publikums, sympati og forståelse. Det kåres ingen vinner.



OLEANNA

Av: **David Mamet**

Regi: **Erik Ulfshy**

Scenografi: **Milja Salovaara**

Med: **Ane Dahl Torp** og
Randolf Walderhaug

"Oleanna" hadde premiere
19. august 2000

Molde, Teaterhuset Forum:

15. februar kl. 19.30

16. februar kl. 19.30

**Framsyngar i Møre og Romsdal
på forespurnad**

Berre kjærleik og død



Diktaren Tor Jonsson døydde for femti år sidan. Trøndelag Teater gjestar Teatret Vårt med ei framsyning via denne diktaren den siste tida han levde. *"Viss eg var Gud, så ville eg skapa kjærleik og død, berre kjærleik og død"*. Denne setninga frå eit Jonsson-dikt, er kanskje den mest kjende i forfattarskapen hans, og har gjeve namn til framsyninga som i fjor haust trekte fulle hus i Trondheim. Framsyningsdatoane er ikkje endeleg fastsette, men gjestespelet kjem i stand ei tid etter påske.

I denne framsyninga blir du konfrontert med dei store spørsmåla i livet, i møtet med Wenche Strømdahl som Ruth, kvinna diktaren hadde eit forhold til dei siste månadene han levde, og ein annan person som krev å bli høyrte, i Bjørn Jenseg sin skipnad. Teksten er sett saman av Ingar Sletten Kolloen, ein allsidig mann, – høgt og lågt i det norske kulturlivet. Han har skrive ein biografi om Tor Jonsson som kom ut på Det Norske Samlaget i 1999. Boka har fått strålande mottaking av kritikarane.

BERRE KJÆRLEIK OG DØD

Av: **Ingar Sletten Kolloen**
Regi: **Nora Evensen**
Musikk: **Jarl Strømdahl**
Med: **Wenche Strømdahl** og
Bjørn Jenseg

Turné i Møre og Romsdal
etter påske

Vi lever 25 minutter for sent



Det er 61 år sidan den tyske multikunstnaren Kurt Schwitters måtte flykte frå Molde nordover norskekysten. Han måtte forlate Noreg og kom aldri meir tilbake. Sidan 1929 hadde Schwitters vore her ofte, og frå 1932 blei Hjertøya midt i Moldefjorden sommarbasen hans. Han fikk leige ei lita steinhytte, og etter kvart bygde han ho om til eit MERZBYGG i miniatyr. MERZ var Schwitters si personlege kunstretning. Ho besto av collage, montasjar, dikt, små skodespel. I 1937 måtte Schwitters flykte til Noreg. Kunsten hans hadde blitt lyst i bann i Nazi-Tyskland. Han provoserte. Han inneheldt for mykje leik, han var for fantasifull, og dermed var han farleg.

Nå må ingen tro at Schwitters blei forstått i Noreg heller. Verken i Oslo, Molde eller på Sunnmøre der han var å sjå på sykkelen sin sommarstid. Men kanskje er vi modnare nå?

Vivi Sunde gjev i framsyninga *"Vi lever 25 minutter for sent"* eit godt og humoristisk innblikk i Schwitters si verd.

VI LEVER 25 MINUTTER FOR SENT

Tekstar: **Kurt Schwitters**

Opplegg og omsetjing:

Vivi Sunde

Instruktør:

Carl Morten Amundsen

Med: **Vivi Sunde**

Musikk: **Knut Ivar Bøe** og

Ingunn Linge Valdal

"Vi lever 25 minutter for sent"
hadde premiere 10. august 2000

Molde, Teaterhuset Forum:

2. mars kl. 19.30

3. mars kl. 19.30

Framsyningar på forespurnad

V a k k e r t

HAUSTEN 2001



I september presenterer Teatret Vårt wonderboy-en i norsk teater for tida, dramatikaren Jon Fosse, i Møre og Romsdal. Framsyninga er ein samproduksjon med Det Norske Teatret, og skodespelet vert vist i Oslo frå slutten av mars, før det altså kjem på turné i Møre og Romsdal i september månad.

Stykket er først og fremst retta mot vaksne, men fleire unge vil kunne gle seg over denne framsyninga. Fosse har ei heilt spesiell dramatikarrøyst, og i dette skodespelet høyrer vi ho tydeleg. Det er sjeldan mykje ytre handling i Fosse sine stykke, men sjølv om det tilsynelatande ikkje skjer noko, forandrar livet seg heilt for menneska i løpet av skodespela hans. Det som skjer, skjer mellom replikkane, mellom augnekasta, og ikkje noko er lenger som før. Det er manande mykje atmosfære i "Vakkert", ja det er verkeleg vakkert, stykket, om ikkje livet alltid kjennast sånn.

VAKKERT

Ein samproduksjon med
Det Norske Teatret

Av: **Jon Fosse**

Regi: **Kai Johnsen**

Scenografi: **Kari Gravklev**

Premiere:

Det Norske Teatret


23. mars 2001

**Turné i Møre og Romsdal
hausten 2001**

BILLETTPRISAR

Vaksne	175,-
Grupper	150,-
Skole/honnør	125,-

Teaterprogram ... Teatret



20g132414

www.teatretvart.no

«Teatret Vårt»

REGIONTEATRET I MØRE OG ROMSDAL

Telefon administrasjon 71 24 02 80 - Telefon billettkontor 71 24 02 90

E-post: post@teatretvart.no - Internet: www.teatretvart.no